

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 139/2005

av 2. desember 2005

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 93/2005 av 8. juli 2005⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2005/176/EF av 1. mars 2005 om fastsetjing av rapporteringsform og kodar for melding av dyresjukdommar i medhald av rådsdirektiv 82/894/EØF⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2005/209/EF av 11. mars 2005 om endring av vedtak 2004/288/EF med omsyn til lenginga av den mellombels tilgangen for Australia og New Zealand til fellesskapsreservane med antigen av munn- og klauvsjukevirus, som er gjeven i medhald av det nemnde vedtaket⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsvedtak 2005/216/EF av 9. mars 2005 om endring av vedtak 2003/828/EF med hensyn til unntak fra utførselsforbudet for innenlands forflytning av dyr⁽⁴⁾ skal takast inn i avtala.
- 5) Kommisjonsvedtak 2005/224/EF av 14. mars 2005 om endring av vedtak 2003/136/EF med omsyn til oppheving av planane for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Luxembourg⁽⁵⁾ skal takast inn i avtala.
- 6) Kommisjonsvedtak 2005/226/EF av 14. mars 2005 om endring av vedtak 2005 med omsyn til dei områda der planane for utrydding av klassisk svinepest hjå

⁽¹⁾ TEU L 306 av 24.11.2005, s. 14, og EØS-tillegget til TEU nr. 60 av 24.11.2005, s. 9.

⁽²⁾ TEU L 59 av 5.3.2005, s. 40.

⁽³⁾ TEU L 68 av 15.3.2005, s. 42.

⁽⁴⁾ TEU L 69 av 16.3.2005, s. 39.

⁽⁵⁾ TEU L 71 av 17.3.2005, s. 69.

viltlevande svin og naudvaksinasjon av slike svin i Slovakia skal gjennomførast⁽⁶⁾ skal takast inn i avtala.

- 7) Kommissjonsvedtak 2005/235/EF av 15. mars 2005 om endring av vedtak 2002/626/EF om godkjenning av den planen som Frankrike har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Moselle og Meurthe-et-Moselle⁽⁷⁾ skal takast inn i avtala.
- 8) Kommissjonsvedtak 2005/236/EF av 15. mars 2005 om endring av vedtak 2003/135/EC med omsyn til oppheving av planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin i visse område i delstaten Rheinland-Pfalz (Tyskland)⁽⁸⁾ skal takast inn i avtala.
- 9) Rådskdirektiv 2005/24/EF av 14. mars 2005 om endring av direktiv 87/328/EØF med hensyn til sædlagre og bruk av egg og embryoer fra renrasede avlsdyr av storfe⁽⁹⁾ skal takast inn i avtala.
- 10) Kommissjonsvedtak 2005/264/EF av 23. mars 2005 om endring av kommissjonsvedtak 2004/832/EF med omsyn til planane for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin og naudvaksinasjon av slike svin i dei nordlege delane av Vogesane i Frankrike⁽¹⁰⁾ skal takast inn i avtala.
- 11) Vedtak 2005/176/EF opphevar kommissjonsvedtak 2000/807/EØF⁽¹¹⁾, som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala.
- 13) Denne avgjerda gjeld ikkje for Island og Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegg I kapittel I i avtala vert endra slik det er fastsett i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Teksta til direktiv 2005/24/EF og vedtak 2005/176/EF, 2005/209/EF, 2005/216/EF, 2005/224/EF, 2005/226/EF, 2005/235/EF, 2005/236/EF og 2005/264/EF på norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

⁽⁶⁾ TEU L 71 av 17.3.2005, s. 72.

⁽⁷⁾ TEU L 72 av 18.3.2005, s. 43.

⁽⁸⁾ TEU L 72 av 18.3.2005, s. 44.

⁽⁹⁾ TEU L 78 av 24.3.2005, s. 43.

⁽¹⁰⁾ TEU L 81 av 30.3.2005, s. 48.

⁽¹¹⁾ TEF L 326 av 22.12.2000, s. 80.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 3. desember 2005, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfërda i Brussel, 2. desember 2005.

For EØS-komiteen

Prins Nikolaus von Liechtenstein

Formann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

VEDLEGG
til avgjerd i EØS-komiteen nr. 139/2005

I vedlegg I kapittel I i avgjerda vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 2.2 nr. 5 (kommisjonsvedtak 87/328/EØF) vert følgjande lagd til:
” , endret ved:
 - **32005 L 0024**: Rådssdirektiv 2005/24/EF av 14. mars 2005 (EUT L 78 av 24.3.2005, s. 43).”
2. I del 3.2 vert teksta i nr. 16 (kommisjonsvedtak 2000/807/EF) oppheva.
3. I del 3.2 nr. 30 (kommisjonsvedtak 2003/828/EF) skal nytt strekpunkt lyde:
”– **32005 D 0216**: Kommisjonsvedtak 2005/216/EF av 9. mars 2005 (EUT L 69 av 16.3.2005, s. 39).”
4. I del 3.2 nr. 31 (kommisjonsvedtak 2004/288/EF) vert følgjande lagd til:
” , endret ved:
 - **32005 D 0209**: Kommisjonsvedtak 2005/209/EF av 11. mars 2005 (EUT L 68 av 15.3.2005, s. 42).”
5. I del 3.2 etter nr. 31 (kommisjonsvedtak 2004/288/EF) skal nytt nr. 32 lyde:
”32. **32005 D 0176**: Kommisjonsvedtak 2005/176/EF av 1. mars 2005 om fastsetjing av rapporteringsform og kodar for melding av dyresjukdommar i medhald av rådssdirektiv 82/894/EØF (EUT L 59 av 5.3.2005, s. 40).”
6. I del 3.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA BEHØRIG HENSYN TIL*” vert følgjande lagd til i nr. 20 (kommisjonsvedtak 2003/135/EF):
”– **32005 D 0236**: Kommisjonsvedtak 2005/236/EF av 15. mars 2005 (EUT L 72 av 18.3.2005, s. 44).”
7. I del 3.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA BEHØRIG HENSYN TIL*” vert følgjande lagd til i nr. 21 (kommisjonsvedtak 2003/136/EF):
” , endret ved:
 - **32005 D 0224**: Kommisjonsvedtak 2005/224/EF av 14. mars 2005 (EUT L 71 av 17.3.2005, s. 69).”

8. I del 3.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA BEHØRIG HENSYN TIL*” vert følgjande lagd til i nr. 28 (kommisjonsvedtak 2004/832/EF):
- ”, endret ved:
- **32005 D 0264**: Kommisjonsvedtak 2005/264/EF av 23. mars 2005 (EUT L 81 av 30.3.2005, s. 48).”
9. I del 3.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA BEHØRIG HENSYN TIL*” vert følgjande lagd til i nr. 29 (kommisjonsvedtak 2005/59/EF):
- ”, endret ved:
- **32005 D 0226**: Kommisjonsvedtak 2005/226/EF av 14. mars 2005 (EUT L 71 av 17.3.2005, s. 48).”
10. I del 3.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA BEHØRIG HENSYN TIL*” etter nr. 30 (kommisjonsvedtak 2005/66/EF) skal nytt nr. 31 lyde:
- ”31. **32005 D 0235**: Kommisjonsvedtak 2004/235/EF av 15. mars 2005 om endring av vedtak 2002/626/EF om godkjenning av den planen som Frankrike har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Moselle og Meurthe-et-Moselle (EUT L 72 av 18.3.2005, s. 43).”
11. I del 3.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA BEHØRIG HENSYN TIL*” vert teksta i nr. 19 (kommisjonsvedtak 2002/626/EF) oppheva.